

# Møteprotokoll

## for

### Utvida plan- og kommunalteknisk utval i samband med KPA

**Møtedato:** 26.06.2023  
**Møtestad:** Heradsstyresalen  
**Møtetid:** kl. 16:00 - 19:30

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Aksel Mjøs	H	Utvallsleiar
Alf Terje Mortensen	FRP	Medlem
Kari Laurhammer Mjøs	KRF	Medlem
Kjellaug Hartveit	SP	Medlem
Kjersti Ingolvsdotter Vevatne	V	Medlem

<b>Forfall meldt frå medlem</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Marit Adelsten Jensen	MDG	Medlem
Roy Håkon Jenssen	SV	Medlem
Øyvind Litland	AP	Nestleiar

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte: politisk-adm.sekretariat  
Arnstein Øvsthus, Pelle Engesæter, Terje Kallekleiv**

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
005/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
006/23	Godkjenning av møtebok
007/23	Referatsaker og meldingar
008/23	Andre saker/spørsmål

### **005/23: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**  
Innkalling og sakliste vert godkjend.

#### **26.06.2023 UTVIDA PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL I SAMBAND MED KPA**

Det var ingen representant frå MDG, SV eller AP.

-----  
Kjersti Ingolvsdotter Vevatne, V, varsla spørsmål vedk. områdesentrum.  
Alf Terje Mortensen, FRP, varsla spørsmål vedk. omdisponering av eksisterande bustadområde i LNF-område.

-----  
Det var ingen merknadar til innkalling og saksliste

#### **UPL - 005/23 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjend**

### **006/23: Godkjenning av møtebok**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**  
Møteprotokoll frå vert godkjend.

#### **26.06.2023 UTVIDA PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL I SAMBAND MED KPA**

Det var ingen merknadar til møtebok

## UPL - 006/23 VEDTAK:

### Møteprotokoll frå 21.06.23 vert godkjend

---

### 007/23: Referatsaker og meldingar

#### Kommunedirektøren sitt framlegg:

Referatsakene vert tekne til vitande.

### 26.06.2023 UTVIDA PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL I SAMBAND MED KPA

#### Rådgjever på plan, Pelle Engesæter orienterer i RS 1 - Kommunedelplanens arealdel - status per 09.06.23

Når det gjeld LNF-spreidd et det uklart om ein framleis ynskjer LNF-spreidd som eit eige arealføremål. Det var difor ingen grundig gjennomgang av desse innspela denne gongen. Ein av utfordringane med LNF-spreidd er at det er definert til eit bestemt område. Ein må sjå nærare på om dette kan løysast ved å utforme kriterier til dispensasjonssaker i LNF-område i staden for å planlegge for LNF-spreidde områder.

---

Felles gjennomgang av innspela, innspel i område 6-9 vert vurdert denne gongen

Utvalet rår til at desse innspela bør vera med vidare til KU-vurdering i tillegg til plan sine egne vurderingar:

717 - Horsås, mogleg LNF-spreidd næring?

901 - Herlandsfossen kraftpark, området er ueigna til noko anna

Utvalet rår til at desse innspela bør sjåast nærare på før ein event. KU-vudering:

609, versjon 3 - Valestrand - i tråd med gjeldande plan

610 - Brakavatnet - må avklarast ytterligare, er i tråd med føremålet

714 - Hjellvik - eksisterande bustadfelt er ikkje bygd ut

811 - Børo, eksisterande bustadfelt er ikkje bygd ut

Utvalet hadde slike merknader til desse innspela:

601 - Kringastemma - Her ligg det ein husmannsplass og fleire turstiar

602 - Reigstad - Bustad til næring eller fast bustad?

607 -> 607B - Brakavatnet - Kulturbeite

802 - Litlandsgruvane - Plankravet er eit hinder for drift av klubben. Her må ein og sjå på framtidig gruvedrift?

804 - Refsneset Hosanger - Bustad til næring eller fast bustad?

813 - Hoshovdåsen - Dette er eit stort område, mogleg at delar av dette kan KU-vurderast

---

Utvalet ynskjer ei samla bustadanalyse, kor mange bustadtomter er ledige i forhold til kva som er nødvendig og ønskjeleg i Osterøy kommune. Risikerer ein å fåstoppa initiativ sidan totalsummen av bustader er for høgt? Samt ei oversikt over kva områder som er utbygd.

---

## **Rådgjevar på plan, Terje Kallekleiv orienterer i RS 2 - Kommunedelplanens arealdel, vurdering av reguleringsplanar**

Felles gjennomgang av reguleringsplanane, punkt 25-73 vert vurdert denne gongen

Utvalet var samd i plan sine egne vurderingar og hadde ingen særskilde merknader.

Det kan vera ulike årsaker til å oppheve reguleringsplanar sjølv om dei ikkje er ferdig utbygd. Fleire reguleringsplanar fungerer ikkje slik som tiltenkt, tiltaket har gjerne stoppa opp og arealbruken vert låst, nokre av reguleringsplanane er overlappa av nyare reguleringsplanar og andre er dekkja av KPA. Der området er ferdig utbygd må ein sjå på korleis ein kan samordna forskriftene i KPA.

### **UPL - 007/23 VEDTAK:**

**Det vert ikkje gjort noko vedtak i saka**

-----

### **008/23: Andre saker/spørsmål**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

#### **26.06.2023 UTVIDA PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL I SAMBAND MED KPA**

Kjersti Ingolvdotter Vevatne, V, hadde slikt spørsmål: kan me definere yttergrensene for områdesentrum? Det er vedteke fire områdesenter, utan at det er sett ei avgrensing på områder. Kjersti har teikna opp kart der det er brukt 5min sykkelavstand -som avstandsberekning. Kan dette vera eit utgangspunkt for område der ein tenker at det kan vera lettare å få til endringar, eller nye områder? Innspelet er tenkt som ein start på denne definisjonen.

Felles gjennomgang av det oppteikna område, kartinformasjon henta frå google maps der 5min sykkel er nytta som avstandsberekning.

Fortetting står i arealstrategien, ein bør definere kva områder som er mest føremålstenlege. Ein bør kunne vise til avgrensa "sentrumssoner" som ein vidare kan nytta som eit kriterie for siling.

Ei problemstilling kan vera at vedteken sentrumsstruktur ikkje er i tråd med næringsstrukturen på Osterøy, med store verksemder utanfor sentra.

Utvalet inviterer administrasjonen til å kome med egne innspel ut i frå egne vurderingar på korleis ein kan definere områdesentrum.

-----

Alf Terje Mortensen, FRP, hadde slikt spørsmål: Er det mogleg å få til omdisponering av områder med eksisterande bustadhus i LNF-område til bustad i ny KPA?

Administrasjonen gav slikt svar: Osterøy kommune er ein av dei kommunane som omdisponerer mest areal. Ein stor del av bustadane på Osterøy ligg i LNF-område og nokre stader kan det vera tenleg å omdisponera området. Ideelt sett skulle det vore tatt ei kartjustering der bebygd areal skulle vore lagt inn som bebygd arealføremål. Det fins kart som viser kva som er bustadhus og kva som ikkje er bustadhus. Ein må vera obs på at omdisponering av LNF-område gjer at ein ikkje treng å søkje

dispensasjon ved ulike tiltak.

Kjersti Ingolvsdotter Vevatne, V, hadde slik merknad: Dersom ein vel å omdisponere områder kan det vera at desse må KU-vurderast, då bør ein i forkant høyre med Statsforvaltaren om det er mogleg å sleppe KU-vurdering på desse områda som allereie er utbygd.

**UPL - 008/23 VEDTAK:**

**Det vert ikkje gjort noko vedtak i saka**

---

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordførar vart desse valde: Kjellaug Hartveit og Kari Laurhammer Mjøs

Lonevåg, 30.06.2023

Hilde Revheim Sture  
Sekretær